


14

17. JULI
1980

Fischeridirektoratet

Biljett
**Fiskets
Gang**
28 JULI 1980



Fiskets Gang



Utgitt av Fiskeridirektøren

66. ARGANG
NR. 14 - 17. JULI 1980
Utgis hver 14. dag
ISSN 0015 - 3133

Redaktør:

SIGBJØRN LOMELDE
Kontorsjef

Redaksjon:

DAGMAR MELING
KARI ØSTERVOLD TOFT
BERIT MARCUSSEN
GULLESTAD
VIDAR HØVISKELAND
GUNNAR CHRISTENSEN
Red.sekr.

Fiskets Gangs adresse:

Fiskeridirektoratet
Postboks 185, 5001 Bergen
Telf.: (05) 23 03 00

Trykk: A.s John Grieg

Abonnement kan tegnes ved alle poststeder ved innbetaling av abonnementsbeløpet på postgiro-konto 5 05 28 57, på konto nr. 0616.05.70189 Norges Bank eller direkte i Fiskeridirektoratets kassakontor.

Abonnementsprisen på Fiskets Gang er kr. 90.00 pr. år. Denne pris gjelder også for Danmark, Finland, Island og Sverige. Øvrige utland kr. 110.00 pr. år.

PRISTARIFF FOR ANNONSER:

Tekstsider:

1/1 kr. 800	1/4 kr. 225
1/2 kr. 400	1/6 kr. 150
1/3 kr. 300	1/8 kr. 125

Omslagets 4. side (1/3 s.) kr. 400.

VED ETTERTRYKK FRA
FISKETS GANG
MÅ BLADET OPPGIS
SOM KILDE
ISSN 0015-3133

INNHold — CONTENTS

Guyansk fiskeridirektør vilja Noreg: Vi treng norsk teknologi Director general of Fisheries in Guyana is visiting Norway: — We need Norwegian technology	447
Fiskeristyret i Rogaland tenkjer ungt: Utdanningstillbodet til vordande fiskarar må bli betre! Regional Fisheries Council in Rogaland is thinking of the youth: Educating for coming fishermen must be better!	449
Amerikansk fiskeri 1979 — rekordfangst American fishery 1979 — record catches	451
Hermetikk kan godt stå på menyen, det fører trolig ikke til me- tallforgiftning ifølge Hermetikkindustriens Laboratorium Can products may be on the menu, it will possibly not cause metalpoisoning due to the Canningindustries Laboratory	453
Blåskjelldyrking — et økonomisk perspektiv Shellculturing — an economic view	455
Undersøkelse ved NDH viser: Fiskerikandidater lønnes best Research at NDH shows Candidates of Fishery get the best salaries	461
Statistikker Statistics	466

Fisker på Sri Lankas vestkyst nær Negombo.
Foto: Gunnar Christensen

Fiskeridirektør frå Guyana vitja Noreg **Vi treng norsk teknologi —**

Fred A. Peterkin er fiskeridirektør i Guyana. I samband med World Fishing Exhibition i København vitja han Noreg. Norges Eksportråd var vertar, og dei hadde lagt opp eit stramt program for Peterkin. Han vitja mellom anna Myrens verksted, Viksund båt, Finsam i Kristiansand, Trio og Bjelland i Stavanger og Fiskeindustri A/S i Egersund. Det blei også tid til samtaler med representantar for Fiskeridirektoratet, Fideco og FTFl.

Det guyanske fisket har til nå basert seg på rekefiske. Rekeindustrien er bra utvikla, men fangsten går føre seg etter svært umoderne metodar. Dei fleste rekefiskarane er avdanka gamle amerikanske trebåtar.

Sidan det til nå ikkje har vore råd å omsetja fisk i Guyana, har så godt som alle bifangstar blitt dumpa. I 1969 gjennomførte det amerikanske forskningsskipet Oregon ei undersøkning som synte at berre 8 prosent av den totale fangsten var reker. Resten av det trålarane fekk opp, 92 prosent, blei kasta på sjøen att. På denne måten har enorme mengder verdfullt og næringsrikt råstoff gått tapt.

Denne vansken blei løyst ved at fiskeristyresmaktene i Guyana fjerna eksportavgifta på fisk, på eit vilkår: I tillegg til den ordinære rekefangsten måtte trålarane ta med seg til lands minst eit tonn fisk på kvar tur.

Systemet har fungert bra, opplyser Peterkin. I dag får Guyana i land 4 000 tonn næringsrike bifangstar kvart år. Dette talet er stigande.

Den største vansken for Guyana



er i dag å utnytte desse råstoffa forsvarleg og effektivt.

— Vi har klart å løysa dette problemet når det gjeld til dømes hai. Haikjøtet blir foredla til menneskemat, det mørke kjøtet går til dyrefor, haifinnene blir selde til Kina og tennene blir det laga smykker og pyntegjenstandar av. Vi er svært opptekne av korleis vi kan nytta råstoffa heilt ut, seier Peterkin.

Ein av grunnane til at den guyanske fiskeriministeren er i Noreg, er at Guyana for tida er i ferd med å omstrukturera heile fiskerinæringa si.

I fjor blei det fastsett at fiskeria skulle rasjonaliserast. I samband med dette blei Guyana Fisheries Lmt. oppretta. Dette selskapet er eit statleg organ som tilsvarer det norske Fiskeridirektoratet.

Fred Peterkin understreker at

landet hans har eit desperat behov for opplæring. — Vi manglar både teoretiske og praktiske kunnskapar om moderne fiske, seier han.

— Vi er inne i ein vond sirkel. For å få eit rasjonelt og effektivt fiske må vi modernisera flåten og mottaksapparatet vårt. For å modernisera flåten treng vi fleire og betre utdanna folk. Men for å få utdanna folk til å satsa på fiskerieringa, må flåten moderniserast, slik at næringa blir meir lønsam.

— Eg håpar Noreg kan tenkja seg å overføra noko av den høgt

utvikla teknologien landet har, til dømes på området skipsbygging, til mitt land. Overføring av teknologi er i det heile livsviktig for oss. Berre på den måten kan vi utnytta ressursane våre fullt ut.

Serskilt viktig for oss er det å utvikla ein hermetikkindustri. Det er tragisk at eit land som vårt, med rikt tilgjenge til råstoff, skal ha innbyggjarar som lir naud, av di vi ikkje greier å få matvarene fram til dei. Vi har og ein del naboland som ikkje har så rik tilgang på råstoff som vi. På ein slik bakgrunn er det

viktig å byggja ut den guyanske hermetikkindustrien.

Opplæring, fiskeriundervisning er og eit viktig felt. Fiskarane våre treng opplæring i både sjømannskap og moderne fiskeri. Vi treng også sårt eit opplæringsfartøy. — Det er viktig at vi heile tida har for auga at vi produserer matvarer. I den verda vi lever i må det vera ei dødssynd å la gode og næringsrike råstoff spillast, seier Fred Peterkin til Fiskets Gang.

—Vi må ikkje gi for store innrømingar,

sa den britiske fiskeriministeren på EF sitt spesielle rådsmøte om fiskeripolitikk i juni. Han tenkte særlig på import av frossen fisk frå Canada, og meinte at dersom fellesskapet gir for store innrømingar når det gjeld import frå Canada til lavare tolltariff, vil det gjera nærast uboteleg skade på den britiske fiskemarknad. — Vi lir allereie under ein overflod av import, sa han og fekk støtte frå Danmark, Irland og Nederland sine representantar.

På rådsmøtet vart dei tidlegare framlagde forslag til forordningar om tekniske konserveringstiltak og kontroll vurdert. Ein grunnforordning for fiskeria vart ikkje teken opp til debatt, truleg fordi dei kompetente instansar ikkje meiner det er mogeleg å oppnå ein slik ordning i næraste framtid.

For møtet rekna ein ikkje med at det ville verta teken standpunkt til eit framlegg frå Kommisjonen om allokering av kvotar pr. medlemsland. Det var openbart politiske vurderingar som låg til grunn for at eit slikt framlegg ikkje vart lagt fram. Truleg ville ikkje vise-president Gundelach ta sjansen på å lida nederlag ved å få eit formelt allokeringframlegg avvist no.

Eit vedtak om tekniske konserveringstiltak og kontroll vil ikkje direkte røra ved dei meir omfindtlege problem som inngår i forslaget om ein basisforordning. Rådet fekk i tillegg lagt føre seg ein omfattande statistikk over medlemslanda sine fiskefangstar på ulike bankar i perioden 1973—78, og på grunnlag av desse kunne dei disku-

tere visse kriterier for allokering av TAC's kvotar.

Ei semje om fordelingskriteria på dette møtet vil føra til at ein kan omarbeida det mest ferdige framlegget til allokering i lys av debatten. Truleg vil eit slikt endra forslag kunna handsamast under eit møte det er tenkt å kalla inn til i juli.

Verdenspremiere for ny dieselmaskin

En ny avansert dieselmaskin introduseres på sommerens materialmesse i Birmingham, England. Den nye maskinen er tresylindret, har nytt forbrenningskammer og er mer stillestående, mer effektiv og mer slitesterk heter det. Motoren er en direkte innsprøytet gaffeltruckmotor med en forbrenningskammerutforming som kalles «Squish Lip» eller «myk leppe» på norsk. Dette forbrenningskammeret gir en mer effektiv blanding av brensel og luft og dermed en mer effektiv forbrenning: Resultatet blir renere ekshaust og senking av lydnivået, samt betydelig mindre trykkøkning, hevdes det. Denne dieselmaskinen som produseres av Perikles har også en del forandringer av kjølevannsløpet, sylindrerlokk og motorblokk og påståes å ha lengre livstid.

TECNOPAN '80 —

ei hending som kjem inn på vitale delar av utviklinga i Latin-Amerika.

Peru ser ut til å vera over den verste økonomiske krise. Bruttonasjonalpro-

duktet reknar ein med vil auka med omlag 8 prosent i året dei første to åra. I tillegg har Peru's folk for første gong på 12 år hatt høve til å velja sivil regjering.

Med bakgrunn i desse to positive teikna, er det klart for Tecnopan '80, den tredje internasjonale messa for maskiner og utstyr til fiske- og matproduksjonen i Lima. I tilknytning til messa vil det og verta halde ein «rundebordskonferanse» for industri-eigarar frå Latin-Amerika og maskinfabrikantar frå heile verda. Konferansen kan bli den nye måten å samla produsentar og brukarar på i forbindelse med tekniske handelsmesser.

Tecnopan '80 vil truleg spela ein viktig rolle for å dekkja den stadig aukande etterspuranden etter fiske- og jordbruksprodukt i Latin-Amerika.

Nigeriansk firma søker kontaktar

Ola-Abata (Nig.) Company i Lagos søker kontaktar med firma i Noreg. Firmaet er interessert i kontakt med fiske- og trålrederi som kan tenkje seg å samarbeida med dei for å etablera ein fiske- og rekeforretning i Nigeria.

Firmaet er og interessert i å kjøpa frosen eller fersk fisk og fiskemat. Dei er og interessert i å kjøpa kjøttprodukt.

Adressen til firmaet er:

OLA-ABATA (NIG.) COMPANY
55 Princess Street, P.O. Box 2746
Lagos
Nigeria

Fiskeristyret i Rogaland tenkjer ungt:

Utdanningstilbodet til vordande fiskarar må bli betre!



Kan båtar på «Skogholm» sin storleik kanskje vera noko å satsa på i Rogaland? Fiskeristyret vil i alle høve prøva å få auka fisket direkte til konsum.

Når det gjeld utdanningstilbodet, meiner Fiskeristyret i Rogaland at tilbodet om sjøfart og fiske som valfag i ungdomsskulen må verta meir utbreidd. I Rogaland finns det ikkje slikt tilbod i mange kommunar. Det vert og peika på at yrkeskulane bør ta inn fag som kan gi kompetanse til arbeid i fiskeindustrien. I dag er det mangel på kvalifiserte folk til spesialstillingar i denne industrien.

Finansiering

I årsmeldinga vert og trongen for finansiering gjennom Statens Fiskarbank dregen fram, og Fiskeristyret gjer m.a. framlegg om å øyremerkja delar av lånemidlane for bestemte fartypar eller driftsformer.

Om strukturen i rogalandsk fiskeri seier dei at dei vil halda på industritrålflåten, men prøve å endra strukturen for å auka direkte fisket til konsum. For å få betre

grunnlag for ei slik endring, skal Fiskerisjefen gjennomføra ein strukturanalyse av fylkets fiskeflåte. Til undersøkinga har han fått midlar over Vestlandsplanen.

Fiskeristyret stiller seg avventande til å innføra noko form for konsumfiskkonsesjon i Nordsjøen og nokon eigen konsesjon for partråling. Derimot vil dei fremja forslag om at det vert innført avgrensa rekestrålkonsesjon for Nordsjøen og Skagerrak. Dette fordi reketilvkarane har trong for meir råstoff, og fordi havforskarane meiner at bestanden er god. Dei vil og krevja at det vert forhandla med EF om eigen rekekvote på Fladen Grunn.

Om konsesjonstildeling og prioritering seier Fiskeristyret at dei er samd i at det må vera strenge reglar, men strekar under at dei ikkje må vera så strenge at dei øydelegg rekrutteringa til yrket. Dei dreg og fram den spesielle situasjonen foredlingsanlegga i Roga-

Årsmeldinga frå Fiskerisjefen i Rogaland inneheld mange tankar som det kan vere verdt å merkja seg. I tillegg til utdanningstilbodet til ungdommar som ønskjer å gå inn i fiskeriyrket, tar den og til orde for å utvida ordninga med fiskerivikar. Den einaste fiskerivikaren vi har til no, har sitt virke i Egersund - til stor nytte for fiskarane der. - Einsidig flåtestruktur og oljeverksemda er hovudproblema i Rogalands fiskeri, seier Fiskeristyret i meldinga.

land er kom ei på grunn av den store oljeverksemda i fylket. Den store aktiviteten har ført til at kommunane står sterkt økonomisk, noko som igjen fører til at fiskeforedlingsindustrien ikke får sårt tiltrengde lån til ombygging eller nybygging frå Distriktenes Utbyggingsfond.

Regulering

Om regulering av fisket seier Fiskeristyret i Rogaland at makrellfisket må bli betre og meir langvarig for å betre tilhøva for motaksanlegga. Vidare at reglane for tildelinga av kvotar av atlantiskandisk sild må reviderast og at det må bli høve til å ta større del av lodda om vinteren slik at turane kan verta lønsame. Kyst- og fjordsildfisket bør takast opp til ny vurdering, og regelen om 10 prosent bifangst i EF-sona er så streng at mange oppfattar den som eit reint fiskeforbod.

Fiskeristyret vil gå inn for å

utvikla garn- og snurrevadfisaket i Nordsjøen og å stimulera til auka deltaking i rekøfisaket på Nordsjøen. Det kjem og til å bli gjort framlegg om at fylkeskommunale midlar vert stelde til rådvelde for fiskeristyret eller fiskerisjefen til praktiske fiskeforsøk.

Administeringa

Fiskerisjefen i Rogaland slit med for liten kapasitet, og får difor lite rom for planarbeid. For det meste må kontoret i dag ta seg av «ekspedisjonssaker», då særleg uttaler om seismiske og vitskaplege undersøkjingar og erstatningsordninga for skadd fiskereiskap etter oljeverksemda. Dessutan har dei arbeidd med ei unik erstatnings-sak. Saka gjeld krav om erstatning for avgrensing i fiskemulighetene etter at det vart mista 2 rør under eit forsøksprosjekt med legging av oljerør på djupt vatn. Røra var til stort hinder for reketrålinga, og resultatet av saka vart at fiskarane gjekk med på ein erstatningssum

på 436 000 kroner. Halvtanna år tok det å koma fram til noko avgjerd i saka.

I årsmeldinga kjem det fram kritiske kommentarar til einseitig å nytta DUF reglar for tildeling av ringnotkonesjonar. Fiskerisjefen meiner dette vil kunne konservera eller forsterka dei uheldige utviklingstendensar ein allereie i dag har på Skagerrakkysten og i Rogaland. I Rogaland er det i dag berre 7 ringnotfarty attende. Fiskerisjefen meiner det ikkje kan vera rett å karakterisera eit område mest utan konsesjonar som overskotsområde.

Få fiskarar

Talet på aktive fiskarar er mest halvert i Rogaland dei siste ti åra. Største mengden er å finna i Stavanger og på Jæren pluss i Ryfylke. Egersund og Sokndal har no flest fiskarar.

Når det gjeld talet på båtar, er og det på veg nedover. I dag er


det berre 1 374 båtar att i fylket, og berre 124 av desse har industritrålløyve (her er inkludert 11 uavgrensa trålløyver).

Rogalandsbåtane har hatt dårlegare lønsemd enn gjennomsnittet i resten av landet. Hovudårsaka ligg i at kostnadsutviklinga har vore spesielt ugunstig for industritrålarane. Det ser heller ikkje ut til at dette skal betra seg, då råstoffprisane på det næraste har vore konstante siste året, medan driftsutgiftene har auka monaleg. Industritrålarane fiska omlag like mykje både i kvantum og verdi i 1979 som i 1978, men artsfordelinga endra seg. I 1979 var det meir tobis i fangstane, og den ligg no jamnt med øyepål i fangstkvantum. Største delen går til mjøl og olje, men fòrdelen er stadig aukande. Fòret går mest til Finland til pelsdyrfòr.

Ringnotflåten fiska omlag som i 1978, men driftsresultata var dårlege. I 1979 gjekk to av båtane i stand-by medan to vart kondemnert. Attende står 7 båtar.

Fisket etter brisling og kystsild var totalt sett godt. Det vart betalt gode prisar for silda, og dei 10 000 hl som vart tekne opp var

«Bogøygutt» var ein av dei fine ringnotbåtane som gjekk ut or fisket i Rogaland i 1979, no er det berre sju ringnotbåtar att i fylket. «Bogøygutt» vart seld til England.



av god kvalitet Mussa vart berre teken som tilleggfangst til brislingen.

Mange var med i makrellfisket som gav godt utbytte. I Rogaland vart det teke opp 6 508 tonn i 1979. I seifisket derimot hadde Rogaland eit av dei dårlegaste åra på lenge, og det som vart ført i land kom med kystflåten.

Det totale oppfiska kvantumet som vart ført i land gjekk derimot opp, auka var på vel 40 tonn.

Åleprisen var god i 1979. Gjennomsnittet kom opp i kr. 21,01 pr. kg. Samstundes gjekk kvantumet opp. Kvantumet gjekk også opp i krabbefisket, men her var kvaliteten dårleg. Likevel gjekk stk.prisen opp med kr. 0,11. Prisen på hummar går oppover framleis, noko som nok skuldast at det er så lite att av den. I 1979 vart det berre teke opp 9 587 kg i Rogaland. Også rekefisket svikta i 1979, så totalt sett var de eit dårleg år for Rogalandsk fiskeri.

Tilverking

+/- 40 prosent er variasjonen i sesongane for tilverkningsanlegga i Rogaland, med topp i mai—au-



Fiskeristyret vil halda på den industriråfflåten Rogaland har i dag, her representert ved «Kormb» av Karmøy. (Foto: S. Lomelde)

gust med makrellfisket. I 1979 vart makrell- og loddsvikten kompensert med havbrisling og kolmule. Likevel vart det lagt ned ein sildoljefabrikk i fylket. Ilandført kvantum til sildolje/mjølindustrien var større i 1979 enn i dei to føregåande åra. Industrirålarane er eit stabiliserande moment i deira verksemd.

Akvakultur

Det er gode prisar på oppdrettsfisk, og dette har gjort næringa attraktiv. Til no har aure utgjort den største produksjonen i fylket, den er 17,9 prosent av heile landets produksjon. Produksjonen totalt i Rogaland utgjør omlag 8,8 prosent av landstotalen.

Amerikanske fiskeri 1979 — rekordfangst

6,3 milliardar pund fisk vart landa av amerikanske fiskarar i 1979. Førstehandsverdien av denne fangsten var 2,2 milliardar \$. Det er ny rekordfangst. Auka er 4 prosent i volum og 20 prosent i verdi frå 1978 og skuldast først og fremst godt laksefiske og rekordhøge prisar på laks.

4,1 milliardar pund vart fanga i området innanfor 3 n.mil, og dei viktigaste artane rekna etter verdi var reker — 471,6 mill. \$ — og laks — 412,8 mill. \$. 2.129 mill. pund vart landa i Mexico-gulven og 2 733 mill. pund, eller 43,6 prosent av fangsten, gjekk til oppmaling. 2 268 mill. pund, eller 36,2 prosent, vart nytta fersk eller frosen.

Utanlandske fiskarar fiska 1,6 mill. tonn i den amerikanske 200 mils sone, mot knapt 1,8 mill. tonn i 1978. 1,5 mill. tonn av dette vart fiska utanfor Alaska og det var japanske fiskarar som tok den største delen av fangsten, heile


1.109.114 tonn. Alaska pollock vart fiska mest, 1.044.733 tonn.

Verdet av foredla fiskeprodukt var i 1979 4 694 mill. dollar, ei auke på vel 200 mill. \$ frå 1978. Frosne og ferske fiskeprodukt utgjorde 53,6 prosent av totalen, 34,4 prosent var hermetiske produkt.

Fiskemjølproduksjonen var i 1979 339 127 tonn og produksjonen av marine oljer 242 822 tonn. Importen av fiskeprodukt til konsum gjekk noko ned i kvantum, men verdien i \$ gjekk opp. Den samla importen (inkludert fôr og andre ikkje-etande produkt frå fisk og skaldyr) utgjorde i 1979 3,811 mill. \$. Det vart importert mest reker, for 105 mill. \$, deretter kom ferske og frosne filéar for 470 mill. \$. Største delen av importen kom frå Canada, 631 mill. \$ og Italia, 549 mil. \$. Den store importen frå Italia er for det meste perler, perlemor og anna råstoff til smykkeproduksjonen.

Torsk frossen i blokker var verdimesig størst av importen i blokker, 187 mill. \$. Rekeimporten var vesentleg frå Mexico, Mellom- og Sør-Amerika og Asia. Importen av fiskemel var i 1979 på 25,5 mill. tonn til ein verdi av 29,6 mill. \$. Eksporten av fiskeprodukt var i 1979 rekordstor. Heile 544 mill. pund vart eksportert til ein verdi av 1,1 milliard \$. Verdimesig var laks den største fiskeeksportvara, totalt vart det utført fersk og frossen laks for 312 mill. \$. Japan er den viktigste marknaden for amerikanske fiskeprodukt, og i 1979 utgjorde eksporten dit over halvparten av den totale eksporten frå U.S.A., i verdi kom den opp i 567 mill. \$.

Forbruket av fisk pr. innbuar har gått ned i året som gjekk. Frå å vera på 13,6 pund i 1978, var det i 1979 komen ned på 13,3 pund. Forbruket av fersk og frosen fisk gjekk ned frå 8,2 pund til 8 pund, og hermetisk frå 5,1 til 4,9 pund.



SEMINARPROGRAM – FISK OG ERNÆRING

Onsdag 13. august

Møteleder: Direktør Eirik Heen, Fiskeridirektoratet.

Kl. 09.30–10.00. Registrering av deltagerne.

Kl. 10.00. **Innlegg 1:** «Ernæringsforskningens syn på fisk – nye erkjennelser» v/professor Nicolay Eeg-Larsen (Odontologisk Institutt for Fysiologi og Biokjemi, Oslo).

Innlegg 2: «Marint fett i ernæringen» v/forskningssjef O. Brækkan, Fiskeridirektoratet, Vitamininstituttet, Bergen.

Innlegg 3: «Fisk i global matforsyning, status og perspektiver» v/Wolfgang Krone, FAO, Roma.

Kl. 12.30–14.00. Lunsj.

Kl. 14.00–16.30. Paneldiskusjon. Paneldeltagere: Ovenstående innledere, samt direktør Gudmund Sand, Sildolje- og Sildemelneringens Forskningsinstitutt, 5033 Fyllingsdalen.

Torsdag 14. august

Møteleder: Generalsekretær Jørn Krog, Norges Fiskarlag.

Kl. 09.30–10.00. Registrering av deltagerne.

Kl. 10.00. **Innlegg 1:** «Ferskfisk i norsk matvare forsyning» v/disponent Kjell Kristoffersen, M. Thiis A/S, Oslo.

Innlegg 2: «Fiskeproduktene i norsk dagligvarehandel» v/disponent Olav Berg, Vesterålens Hermetikfabrikk A/S, Oslo.

Innlegg 3: «Perspektiver for fisk i hushold og storhushold (catering)» v/produktutviklingsjef Hans Jøben, Stabburet A/S, Fredrikstad.

Kl. 12.30–14.00. Lunsj.

Kl. 14.00–16.30. Paneldiskusjon.

Paneldeltagere: Ovenstående innledere, samt adm. direktør Erling Bjerke, Frionor Produkter A/S, Oslo. Programsekretær Ingrid Espelid Hovig, Norsk Rikskringkasting, Oslo.

Pris for deltagelse på seminar: kr. 300,- pr. dag inklusiv lunsj.

Simultanoversettelse fra norsk til engelsk, henholdsvis fra engelsk til norsk for foredraget til Wolfgang Krone.

Påmeldingen er bindende, ved uteblivelse, blir hele avgiften belastet.

Sted: Konferanserommet, Nidarøhallen, Trondheim.

Velkommen til Trondheim og Nor-Fishing '80 – den 8. internasjonale Fiskerimessen – i Nidarøhallen 11.–17. august. Nor-Fishing, som er en av verdens største fiskerimesser,

presenterer både norske og utenlandske nyheter innen bransjen. Merk av for Trondheim på kalenderen, og møt kollegaer fra hele verden i

denne vakre middelalderbyen. Vi inviterer deg også til å delta på Nor-Fishings seminarer; **Fisk og ernæring** som holdes 13.–14. august.



Til: Nor-Fishing '80, Norges Varemesse, Postboks 130 Skøyen, Oslo 2.

Vennligst send meg utstillingskatalogen og Nor-Fishing brosjyren gratis.

Jeg ønsker å delta på seminar:

Første dag. Andre dag.

Arr.: Norges Varemesse, Postboks 130 Skøyen, Oslo 2.

Tel.: (02) 55 37 90.

Tlx.: 18748 messe n.

I samarbeid med Fiskeridirektoratet.

Navn: _____ Tittel: _____

Firma: _____

Adresse: _____

Postnr./sted: _____

HAUGAN & ESPESETH BRÅS

Hermetikk kan godt stå på menyen,



det fører
trolig ikke
til metall-
forgiftning
ifølge
Hermetikk-
industriens
Laboratorium

I Fiskets Gang nr. 12 hadde vi en artikkel om «Metallforgiftning - kan det føra til hjarteinfarkt?» Der ble det blant annet skissert ideer som en svensk forskar, Samsahl, har om at det kan være det store forbruket av hermetikk som gjør at hjerte/kar sykdommer er så utbredt blant fiskere og skogsarbeidere. Hermetikkindustriens Laboratorium i Stavanger mener ikke dette kan være rett, og de skriver:

«Vi vil i den forbindelse opplyse at all emballasje til hermetikk er iallfall fra 1965 lakkert med lakker som er godkjent av Hermetikkindustriens Laboratorium og Hermetikkindustriens Kontrollinstitutt. Mange lakker som er forsøkt introdusert på det norske marked er nektet brukt nettopp fordi mulighetene for dårlig hefteevne til boksene og dermed migrasjon fra metallet inn til det hermetiske produkt var til stede. (Enkelte vegetabiliske produkter blir riktignok enda pakket i ulakkerte boksar.)»

I en rapport som ble utarbeidet i 1978 om helsemessig sikkerhet for hermetikkemballasje og plastemballasje til pasteuriserte og andre lettkonserverte fiskevarer m.v. heter det:

«Emballasje for næringsmidler stilles stadig mer i fokus ut fra et helsemessig synspunkt. Dette gjelder såvel metall som plastemballasje. Bortsett fra hermetikkemballasje, er det i Norge ikke fastsatt detaljerte bestemmelser for næringsmiddelemballasje.

I 1975 ble Industrikonvensjonen om næringsmiddelemballasje opprettet. Hovedhensikten med konvensjonen er å sikre næringsmidler i Norge mot tilførsel av helse-skadelige stoffer fra emballasjen.

Bly og tinn

Hermetikkindustriens Kontrollinstitutt, Stavanger, har foretatt undersøkelse av bly- og tinninnhold i en rekke hermetiske matvarer. Flere typer emballasje er undersøkt og en har kunnet konstatere at norske hermetiske produkter av kjøtt, fisk og erter har et meget lavt innhold av bly og tinn. Den norske emballasje er betryggende lakkert innvendig.

I den foreliggende norske undersøkelse er det funnet fra 0,25

til 0,5 mg bly/kg i produkter pakket i innvendig lakkert boks av blykk, både i helpresset blykkboks og langfalset sarieboks. Produkter som er undersøkt er blant annet presset sei rogn lagret i 13 år, presset torskerogn lagret i 8 år, fiskeboller i kraft lagret i 4 til 7 år, kjøttboller og kjøttkaker lagret i 3 år m.m. Det gjennomsnittlige innhold av bly i disse produkter var 0,21 mg/kg. Hermetiske erter hadde et blyinnhold på fra 0,03 til 0,16 mg/kg.

I produkter pakket i innvendig lakkert aluminiumsemballasje ble funnet fra 0,09 mg bly/kg til 0,9 mg bly/kg. Det høyeste innhold, 0,9 mg bly/kg ble funnet i blåskjell. Dette skyldes naturlig innhold i råstoffet da det er utelukket at noe bly kommer fra aluminiumsemballasjen. De påviste verdier for blyinnhold må derfor betraktes som bakgrunnsverdier, d.v.s. naturlig innhold av bly i råvarer og hjelpestoffer som inngår i produktene.

Ad tinninnhold i tilsvarende produkter

Kontrollinstituttet har også foretatt en del bestemmelser av eventuelt oppløst tinn i samme produkter som er analysert på blyinnhold. Det påviste innhold er helt ube-

tydelig, fra mindre enn 1 p.p.m. til 12 mg/kg. Kfr. Næringsmiddelovens forskrifter om hermetiske matvarer der grensen for tinninnhold er fastsatt til 400 mg/kg. Dette betyr at den innvendige lakkering er særdeles god for norsk blikkemballasje. For vegetabiliske konserver er fastsatt en grense på 250 mg tinn/kg (Landbruksdepartementet).

Fra aluminiumsemballasje er tinnopløsning (eller blyopløsning) ikke mulig dersom det ikke finnes i lakkene. Lakkeringen skal ifølge Næringsmiddeloven være blyfri.

Konklusjon

I norske hermetiske produkter av fisk og kjøtt pakket i norsk emballasje av såvel bly som aluminium er det funnet lave verdier for blyinnhold i produktene, fra 0,05 mg bly/kg til 1,00 mg bly/kg. Til sammenligning viser analyser av forskjellige fiskeslag som råstoff fra mindre enn 0,1 til 0,8 mg bly/kg.

Det påviste innhold av oppløst tinn er helt ubetydelig i samtlige produkter pakket i lakkert emballasje.

For de undersøkte plastmaterialer benyttet for pasteuriserte produkter viser migrasjonsresultatene lave verdier (0—1,5 mg/dm²). Materialer benyttet for steriliserte produkter viser også lave verdier, bortsett fra vinylakkene, som i ett tilfelle ligger helt opp mot den tillatte grense (7,50 mg/dm²) i kontakt med fettstimulant n-Heptan.

Når det gjelder PVC emballasje viser resultatene en restkonsentrasjon av monomert vinylklorid på 1—5 mg/kg. I de tilfeller det er utført analyser på næringsmidler pakket i PVC-emballasje er det ikke påvist vinylklorid. Polystyren-emballasjen viser stor variasjon med hensyn på monomert styren. For de undersøkte næringsmidler i polystyren viser disse meget lave konsentrasjoner, ca. 0,02 mg/kg.

På bakgrunn av dette mener de at vi må korrigere vårt utsagn om at «Stoffa får ein inn på den måten at hermetikk vert oppbevart i fortinna ulakkerte metallboksar», noko vi sjølv sagt gjer.

Vi vil berre presisera at Samsahl sine teoriar er svenske, og dermed kan byggja på andre føresetnader.

KONSESJON

Driftsstøtte

— Brødrene Aarsæther i Ålesund har søkt om at m/s «Varak», M-9-A, får dispensasjon fra reglene for driftsstøtte til å levere små fangster tekne i Nordsjøen i Kristiansund. Etter reglene skal fangstane leverast i Nord-Norge.

«Varak» er for tida einaste trålar på feltet, og fangsten i løpet av 6 dagar var ikkje større enn 200 kassar fisk. Rederiet meiner difor at kostnaden med transport av ein så liten fangst vert urimeleg stor. Ein stor del av fangsten er torsk.

Fiskeridirektøren forstår synspunkta, og er samd i at dette må vera ei rasjonell løysing for fartøyet. Likevel meiner han konsekvensane av å gi ei slik dispensasjon er for store. Det kan verta vanskeleg å nekta andre båtar i mest same situasjon dispensasjon, dessutan peikar han på dei forventningane mottaksanlegga har til leveransar. Dette gjeld både tidspunkt for levering og fisketype.

Driftsstøttereglane gir heller ikkje adgang til å dispensera frå regelen om at fangstar frå Nordsjøen skal leverast til Nord-Noreg.

NYTT PÅ TRYKK

«Skipskontrollens regler» i ny skikkelse

Den norske Skipskontrollens Regler kommer nå i omredigert utgave, idet man går bort fra løsladsystemet og over til vanlig bokform. I tillegg vil det bli utgitt ajourførende supplementer til regelverket. Sjøfartsdirektoratet håper med dette å imøtekomme ønsket om et lettere håndterlig forskriftsverk. Bøkene blir utgitt på Fabritius Forlagshus.

Den norske oversettelsen av Sjøsikkerhetskonvensjonen 1974, (SOLAS), med ikrafttredelse 25. mai 1980, er allerede kommet. Pris for boken er kr. 83,— (ekskl. mva.).

Selve det norske regelverket med henvisninger til Sjøsikkerhetskonvensjonen 1974, vil utkomme i en årlig ajourført utgave, med supplementer mellom hver utgave. Den første utgaven av regelverket ventes å foreligge i september 1980.

Forskriftene for fangst- og fiskefartøyer er foreløpig unntatt fra nyordningen og publiseres inntil videre fortsatt etter løsladsystemet.

Verdi av utførsel av fisk og fiskeprodukter, selfangst- og hvalfangstprodukter

	jan.—mai 1980 1000 kr.
Fisk og fiskeprodukter:	
Fisk, krepsdyr og bløtdyr ..	1 073 110
Fisk, krepsdyr og bløtdyr, tilberedt eller konserveret ..	270 832
Sildolje og annen fiskeolje ..	99 586
Tran (herunder haitran og høyvitaminholdig tran og olje)	20 846
Herdet fett (fra fisk og sjøpattedyr)	80 264
Mjøl og pulver av fisk, krepsdyr eller bløtdyr	283 925
Tang- og taremjøl	1 880
Andre fiskeprodukter	37 228
I alt	1 867 651
I alt jan.—mai 1979	1 906 293
Hvalfangstprodukter:	
Hvalkjøtt	286
Hvalolje	97
Sperm- og bottlenoseolje ..	—
Hvalkjettekstrakt	—
Kjøttmjøl	0
Andre hvalfangstprodukter ..	1 327
I alt	1 710
I alt jan.—mai 1979	1 551
Selfangstprodukter:	
Selolje	3
Rå og beredte pelsskinn av sel, kobbe eller klappmyss	22 739
I alt	22 742
I alt jan.—mai 1979	16 186

Blåskjellyrking — et økonomisk perspektiv

av prosjektleder Tormod Venvik

En artikkel i «Fiskaren» den 24. juni og en markedsrapport fra fiskeristipendiat Steinar Eliassen, gjengitt i «Fiskets Gang» nr. 12, gir til dels motstridende opplysninger om de økonomiske muligheter i en eventuell blåskjellnæring. Uenigheten har kanskje først og fremst sin årsak i at man ikke har fullstendig oversikt over alle forhold, og at de ulike ledd ikke vurderes i sammenheng. Det kan derfor være interessant å forsøke å sammenfatte den kunnskapen man har i dag, med forsøk på å klarlegge betingelsene en eventuell blåskjellnæring vil måtte arbeide under og for å få et mest mulig realistisk økonomisk perspektiv på virksomheten.

Tanken om å utvikle blåskjellyrking som ny næringsvei har slått svært godt an blant kystfolket. Vi vet nå at flere hundre personer langs kysten driver forsøk med dyrking — på ulike nivå. Det ligger lik som i tiden at man skal «kultivere» havet, vi har lenge nok bare vært opptatt med å høste av dets overflod. Andre argumenter man ofte hører kan være: — utnyttelse av nye marine ressurser, arbeidsplasser i kystområdene, bedre utnyttelse av primærproduksjonen i havet, sunn og god mat o.s.v. Alt synes å tale for at dette skal kunne bli et nytt ben å stå på for mange vanskeligstilte kystområder. Mange av de interesserte er trolig også inspirert av den «boomen» en har sett innenfor oppdrett av laks og aure.

Disse tankene har nok mye for seg — utvilsomt.

Blåskjell kan dyrkes i Norge, også i store volum om ønskelig. Selv om vi fortsatt befinner oss i et prø-

vestadium, kan vi vel si at det er svært få tekniske begrensninger på hvor mye som kan dyrkes. Imidlertid, uansett gode intensjoner, til slutt vil det bli et økonomisk spørsmål. Kostnader skal dekkes, og folk vil vel gjerne ha litt igjen for arbeidsinnsatsen. Problemet vil bli:

Er det mulig å få tilfredsstillende lønnsomhet i en eventuell norsk blåskjellnæring?

Generelt om skjellproduksjon i verden

De fleste nordmenn har trolig en oppfatning av skjell som et mer eller mindre sofistikert delikatessprodukt som spises av folk i Japan og Sør-Europa. For å få et noenlunde perspektiv på omfanget av denne aktiviteten kan opplyses at det fiskes/dyrkes mer enn 3 mill. tonn rund skjell av diverse arter pr. år. Dette overstiger Norges samlede fiskerier. Et annet eksempel: Bare på østkysten av Nord-Amerika har skjellfangsten et omfang som tilsvarer norske torskefiskerier.

Det fiskes/dyrkes også mange ulike arter, og variasjonen i produkttyper er stor. Vi skal også være klar over at det er svært store forskjeller i prisen på ulike produkter. Noen skjellarter er for luksusmat å regne, andre er lavprisprodukter

Fangst av ulike arter skjell (1976)

	tonn
Kamskjellarter (Scallops)	400 000
Østersarter	900 000
Muslingarter (Clams & Mussels)	1 200 000

og regnes delvis som «fattigmannskost».

Blåskjell

Blåskjell (*Mytilus edulis*) er en dominerende art i verdens skjellproduksjon. Samlet kvantum er på mellom 5 og 6 hundre tusen tonn, hvorav ca. 3 hundre tusen produseres i Europa. Når det gjelder øvrige detaljer om blåskjell i Europa, vises til Eliassens rapport i «Fiskets Gang» nr. 12.

Produksjon og omsetning av blåskjell i Norge er imidlertid svært beskjeden. Samlet produksjon i 1980 vil neppe bli mer enn et par hundre tonn, og det som kjøpes av ulike blåskjellprodukt tilsvarer ikke mer enn 4—500 tonn rund vekt. Produksjonen vil trolig øke sterkt neste år, og hjemmemarkedet vil være mettet — og vel så det. Selv om det er sannsynlig at forbruket vil kunne påvirkes ved sys-

- Hva vet vi om blåskjellyrking på norskekysten i dag?
- Er dette en økonomisk forsvarlig næring?

tematisk salgssinnsats og markedsføring, vil det være lite realistisk å regne med et fremtidig forbruk tilsvarende mer enn 1500—2000 tonn rund skjell pr. år. Dette tilsvarer neppe mer enn 9—10 årsverk på rasjonelle dyrkingsanlegg, og kvantumet er sannsynligvis mindre enn hva en bedrift må ha for å kunne holde tilfredsstillende kapasitetsutnyttelse og økonomisk forsvarlig drift.

Vi må derfor anta at dersom man i det hele tatt skal kunne snakke om en framtidig norsk blåskjellnæring, så må vi basere oss på å selge på åpent marked, det vil si

Verdens fangst (produksjon) av skjell (1976)

	(rund vekt)
Japan	680 000 tonn
USA	600 000 «
Sør-Korea	300 000 «
Frankrike	156 000 «
Spania	119 000 «
Canada	100 000 «
Nederland	74 000 «
Storbritannia	50 000 «
Danmark	37 000 «
Norge	10 «

Samlet fangst og produksjon av skjell er nå ca. 3 mill. tonn.

eksport. Dette vil igjen si at vi må operere i sterk konkurranse med andre produsenter. Vi må godta alle betingelsene og begrensningene markedet setter med hensyn på faktorer som produkttyper, ferskhet, kvalitet, omsetningsformer, toll o.s.v. Ikke minst må vi kunne selge til de prisene markedet er villig til å betale, kanskje helst ligge litt under i en oppstartsfase.

Markeder og priser

Når det gjelder informasjon om markeder, spesielle markedsforhold og priser, vises igjen til Eliassens rapport i «Fiskets Gang» nr. 12. Det som fremkommer der er i overensstemmelse med all øvrig informasjon som er kommet oss i hende.

I en rapport fra et informasjonsmøte i Bergen 12. desember i fjor oppgir en aktuell produsent/eksportør å kunne få opptil kr. 35,— pr. kg for rensset skjellmat. Dette er en pris vi ikke har kunnet registrere på noe annet hold.

I artikkelen i «Fiskaren» den 24.6. antas det at USA kan bli et interessant marked. Dette er etter min vurdering usikkert. Muslinger utgjør en svært liten del av det totale konsum av skjellprodukter i dette markedet. Landet har selv et stort potensiale for produksjon av muslinger, og under en studietur i mai i år fikk jeg opplyst at produsenter der har hatt problemer med avsetninga i år.

Som en oppsummering på det man pr. i dag vet om markeder kan en anta at det aktuelle marked for norske blåskjellprodukt er Europa, det vil si de ulike EF-land. De mest aktuelle produkttyper vil trolig være frosne varer (IQF) eller produkter i lake (halvkonserves). Prisene på disse produktene vari-

erer, men etter de opplysninger en sitter inne med nå er den mest sannsynlige engrospris i Europa på på disse produktene ca. kr. 15,— pr. kg rensset skjellmat. Hermetiske produkter kan også bli aktuelt. Tollen på disse er imidlertid høyere og andre produsenter har en så dominerende stilling at det kan bli vanskelig å konkurrere.

Ut fra dette skulle en altså kunne sette opp følgende kalkyle:

	pr. kg skjellmat	
	kr. 15,—	
Salgspris, en gros		
Importør/grossist-		
avanse 30 % ..	kr. 3,50	
Toll, 10 % (Her-		
metikk 20 %)	« 1,—	
Frakt, assurance «	1,50	
Sum	kr. 6,—	kr. 6,—
Tilvirkn.kostn./fortjeneste	« 4,—	« 4,—
Fob.verdi	kr. 9,—	kr. 9,—

Ved et produktutbytte på 25 prosent vil altså dette gi en mulig førstehåndspris for rund blåskjell på kr. 1,25 pr. kg.

En engrospris på kr. 18,— pr. kg vil gi en førstehåndspris på kr. 1,75, mens engrospris kr. 12,— vil gi bare 70 øre til dyrker.

Med visse forbehold: Dette er altså sånn noenlunde hva en blåskjelldyrker i dag kan regne å få betalt for produktet sitt. Jeg vil også skyte inn at kalkuleringen av tilvirkningskostnaden er usikker. Forutsetningene for at man skal kunne komme ned i kr. 4,— pr. kg, er at man kan benytte det mest effektive utstyr, og at man har tilfredsstillende kapasitetsutnyttelse.

Vurdering

En slik pris er sannsynligvis lavere enn hva de fleste dyrkere har håpet på, og det er ennå ikke godtgjort at det er mulig å produsere til en slik pris. I alle tilfelle synes

det å være en betingelse at kostnadene pr. kg produkt reduseres så mye som overhodet mulig. I denne sammenheng synes det være to absolutte krav:

1. Det utstyr som brukes i blåskjelldyrkingen må være så rasjonelt, effektivt og billig som mulig.

2. Vi må komme fram til dyrkingsmetoder som reduserer nødvendig arbeidsinnsats til et minimum.

Det synes i alle tilfelle være gitt at metoden med yngelsamling og overføring til vekststrømper ikke tilfredsstillende noen av disse krav, og

Markeder

Eksportører:	Fersk skjell	Hermetikk
	tonn	tonn
Holland	70 000	?
Spania	?	?
England	5 000	?
Danmark	1 500	6 675
Irland	?	?
		(fra Danmark)
Importører:	tonn	tonn
Frankrike	30 000	2 626
Belgia	20 000	55
Sverige	?	1 500
V.-Tyskland ..	?	1 272
Storbrit.	?	416
Norge		57

Det foregår også en ikke ubetydelig import til Europa av tilsvarende muslingtyper fra andre verdensdeler, spesielt fra Sør-Korea og Det Fjerne Østen.

dermed er uaktuelt annet enn som hobby. Andre teknikker synes imidlertid å fungere, (Braaten & Hovgaard, 1980) og disse vil kunne bli langt billigere. Pr. i dag har en ikke tilstrekkelig oversikt til å kalkulere eventuelle kostnader ved slike dyrkingsmetoder. Imidlertid opplyser Joel Haamer, som driver et større dyrkingsanlegg ved Strømstad i Sverige at man der har kommet ned i produksjonskostnader på 50 øre pr. kg utenom arbeidskostnader. Det samme bør kunne være mulig også i Norge, og en bør også kunne få anleggene så rasjonelle at en kan produsere 2—300 tonn pr. årsverk. Man er da innenfor de rammer som vil gjøre produksjon mulig.

Produksjon av blåskjell

	1975	1976	1977	pr. år	pr. innb.
Sverige	—	42	—	132	0,02 kg
Danmark	28 600	37 900	48 000	—	— «
Nederland	97 500	63 700	109 000	31 500	2—2,5 «
V.-Tyskland .. .	17 740	17 350	11 000	25 400	0,4 «
Frankrike	54 000	44 250	52 000	80 000	1,5 «
Belgia	3 000	5 000	5 000	25 000	2,5 «
England	7 000	7 500	11 389	6 500	0,1 «
Spania	160 000	—	61 000	—	— «

Det man i dag vet om mulig teknologi synes å tyde på at det vil være nødvendig å ha en viss størrelse på anleggene. Uten å ha detaljert kjennskap til produksjonsutstyr og kapasitet, vil jeg anta at en bedrift vil måtte ha råstofftilførsler på 5—6000 tonn rund skjell pr. år for å sikre forsvarlig kapasitet.

Priseksempler

Førstehåndspriser:

	kr.
Danmark	0,10 pr. kg
Nederland	0,50—1,50 pr. kg
Frankrike	1,25 pr. kg

Dette gjelder ferske, urensede skjell.

Produktpriser: (fra grossist)

England:	kr.
Ferske, urensede	1,75 pr. kg
Rensete i vinedikk 13,50 pr. kg	
Rensete, frosne	26,50 pr. kg

Frankrike: (Ferske, små, vasket)	kr.
(Hollandske, okt./april)	3,25
(Franske, hele året)	5,—
Spanske, store	6,35
Rensete, frosne	14,—

Danmark: (Hermetiske, varierende)	kr.
Pakn. (100—250 g) 29,— til 52,—	
Gj.snitt eksportpris 9,— til 10,—	

Norge:	kr.
1 kg boks dansk herm.	19,20

tetsutnyttelse. (I Nederland produseres 20 000 tonn blåskjell til hermetikk ved 5 bedrifter). Dyrkingen vil trolig også måtte foregå i relativt nær tilknytning til foredlingsanlegget, men ikke nødvendigvis ved et stort anlegg. En kan sannsynligvis med fordel spre virksomheten. Dersom en får til å standardisere anleggene, kan en oppnå stordriftsfordeler ved å benytte felles utstyr, for eksempel til innhøsting. Anslagsvis vil slike dyrkingsanlegg måtte ha en årsproduksjon på 500—1000 tonn.

Markedet for de aktuelle norske blåskjellproduktene er begrenset (Eliassens rapport) og produksjonen vil nokså snart kunne nå et volum der det vil bli vanskelig å få solgt mer uten at prisen påvirkes.

Produksjonsutbytte

Danmark	10—15 %
Holland:	10—20 %
Frankrike	10—20 %
Spania	25 % og over
Norge	20 % og over
Sverige	20 % og over

Hvor dette «taket» vil ligge er vanskelig å si eksakt, men et volum tilsvarende 15—20 000 tonn rund skjell synes foreløpig å være en sannsynlig grense. Langsiktig og systematisk markedspåvirkning vil muligens kunne endre dette, men det er som kjent ikke lett å lære (eller lure) franskmenn til å spise frossen mat.

Toll — fra Norge til EEC

Ferske/levende skjell	10 %
Bearbejdede skjell	20 %

Dersom vi ser på hva dette vil kunne bety næringsmessig for Norge, må vi bare kunne slå fast at blåskjell dyrking og foredling aldri vil kunne bli noen stor og betydningsfull næringsvei. Tre—fire bedrifter, hver med 15—20 ansatte, vil kunne produsere det anslåtte kvantum, og til å dyrke dette trengs neppe mer enn 70—80 årsverk. Samlet vil altså kunne sysselsettes 150 til 200 personer i hele næringen.

Mange vil imidlertid med fordel kunne kombinere blåskjell dyrking med andre næringsveier. Dersom en regner på hva dette betyr i penger, så vil førstehåndsverdien av blåskjellproduksjonen bli ca. 25 mill. kroner, og produktverdien ca. det doble.

Antatt kalkyle

Utgangspunkt:

Renset skjell, frosset eller laket.

Importør/grossistpris i EF	kr. 15,— pr. kg
Importøravanse 30 %	kr. 3,50
Toll 20 %	« 1,80
Frakt	« 1,—
Sum	kr. 6,30 « 6,30 « «
Fob-verdi	kr. 8,70 pr. kg
Tilvirkningskostnader/fortj.	« 3,50 « «
Råvareverdi	kr. 5,20 pr. kg
Førstehåndspris, 25 % utbytte	kr. 1,30

Vi må imidlertid også kunne anta at det finnes «nisjer» i markedet, for spesielle produkter til spesielle priser. En fornuftig utnyttning av disse vil både kunne bedre økonomien i næringen, og samtidig kunne gi plass for flere og mindre produsenter. En utvikling av hjemmemarkedet vil i denne sammenheng kunne bli svært viktig.

Som avslutning vil vi gjerne summere opp en del viktige forhold som har betydning for utvikling av en eventuell norsk blåskjellnæring:

Ulemper:

1. Blåskjell er et lavprisprodukt.
2. Blåskjell vokser generelt langsommere i Norge enn lenger sør i Europa.
3. Det finnes for øvrig et stort potensiale for øking av blåskjellproduksjon i Europa.
4. Markedet for aktuelle norske blåskjellprodukt er begrenset.
5. Lang transport, toll og andre markedsbegrensninger vil skape spesielle problemer for norske produsenter.
6. Norge har et høyt kostnadsnivå i forhold til andre produsenter.

Fordeler:

1. Den norske kyst gir spesielt gode og stabile forhold for akvakultur.
2. Aktuelle dyrkingsmetoder i hengende kulturer i Norge kan trolig bli mindre arbeidskrevende enn hva som for øvrig er vanlig.
3. I Norge vil man trolig kunne unngå fordyrende rensingsprosesser etter opptak.

4. Frosne blåskjell ser ut til å bli et produkt som blir mer aktuelt etter hvert. Norge har spesielt gode forutsetninger for en slik produksjon.
5. Norge vil muligens kunne selge på rent vann og kvalitet.

Vårt viktigste problem er uten tvil: vi må bli i stand til å konkurrere prismessig. Hvorvidt dette er mulig, er fremdeles usikkert.

Det synes i alle tilfelle å være åpenbart at mulig økonomisk ge-

vinst vil bli marginal, og at det ikke på noen måte kan bli snakk om en utvikling lik den vi har sett innenfor oppdrett av laks og aure. Der- som det skal bli snakk om det ene eller det andre, bør ikke valget være vanskelig.

Imidlertid, sjansene til å få en blåskjellnæring til å bære seg økonomisk er til stede, selv om kalkylene er usikre. Selv om det neppe kan bli snakk om noen stor næring, så kan den få betydning for enkelte distrikt. Det gjenstår imidlertid ennå mye forsøks- og utviklings-

arbeid. Men man har vel egentlig ikke råd til å la være å forsøke?

Aktuell litteratur:

Fisken og Havet. 1980: Serie B nr. 1. Bjørn Braaten & Per Hovgaard. Veiledning i blåskjelldyrking på Vestlandet.

Fisket Gang, nr. 12. 1980. Steinar Eliassen: Norske blåskjell — vil vi få solgt dem?

Utviklingsselskapet for Næringsliv på Vestlandet: Matmuslinger — muligheter for Norge, og Rapport fra informasjonsmøte.

Kan fiskeolje motverka hjarteinfarkt?

I U.S.A. pågår det no forsøk for å finna ut om fiskeolje kan vera med på å motverka hjarteinfarkt og slag. Det er olja frå menhaden som ein trur kan vera eit vern mot denne folkesjukdomen.

Olja frå denne fisken inneheld ei fleirumetta feitsyre

i passelege mengder til å minka sjansen til forkalking i blodomløpet.

Menhaden, som høyrer til sildefamilien, er den fisken det vert teken opp mest av langs kysten av Amerika.



Bra fiske ved Nova Scotia i februar

Det var ved Nova Scotia det beste fisket føregjekk i Canada i februar. Totalfangsten her var 33 129 tonn til ein verdi av 12,5 mill. \$. Dette er meir enn dobling frå 1979.

Ved Newfoundland vart det fiska opp 21 275 tonn i februar til ein verdi av 5,8 mill. \$. Dette er ein nedgong frå 1979 på vel 4 000 tonn, men likevel er verdet av fangsten auka.

Torsk er det fiskeslaget som det vart fiska mest av. På Atlanterhavskysten vart det totalt teke opp 29 275 tonn torsk. Nummer to på statistikken er sild. 8 283 tonn vart teke opp av denne sorten på Atlanterhavskysten i februar.

Kamskjell toppar statistikken for skjell og skalldyr på Atlanterhavskysten, medan sandskjell er nr. 1 på Stillehavskysten. Medan vi talar om Stillehavskysten kan vi fortelja at raudhå var den fisken det vart teken

mest av i februar, 931 tonn var kvantumet og verdet 174 000 \$. Nummer to var gråtorsk. Av den vart det fiska 809 tonn til eit verde av 351.000 \$.

På Stillehavskysten vart det totalt fiska opp 4 184 tonn fisk. Verdet av denne fangsten var 1,7 mill. \$. Ein nedgong frå 1979 på omlag 3 000 tonn og 1,2 mill. \$.

Dårleg år for fiskeria på Stillehavskysten

Fiskeria på Stillehavskysten og utanfor Alaska i 1979 var på det næraste fiasko. Grunn: Dei amerikanske fiskarane prisa seg ut av marknaden. I Japan, som tar 57 prosent av fiskeeksporten frå U.S.A., har prisane på fisk rasa nedover, i tillegg til at det har vore rekordfangstar av laks som har pressa prisen på dette fiskeslaget nedover.

